

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Teams

Dato: 15.03.2021

Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Møtet vert gjennomført digitalt som eit teamsmøte på grunn av koronasituasjonen.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:
joval@statsforvalteren.no

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 17/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 19/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ul style="list-style-type: none"> - Evalueringssrapport forvaltningsordninga - Utlysing av skjøtselsarbeid - Gondol i Flåm 		
RS 8/21	Uttale fra Nærøyfjorden verneområdestyre - planoppstart detaljregulering - flaumløp E16 Hylland, Aurland kommune		2021/3621
RS 9/21	Rapport - lågflyfning og landing - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsetting av grinner i vernede områder som tiltak mot CWD		2019/10152
ST 20/21	Delegerte saker		
DS 3/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - Tørva - Øystein Utne		2021/2568
DS 4/21	Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - motorferdsel - drone	X	2021/3396
ST 21/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Brekkefossen - Hildagro - traktorløype - Brekke gard		2021/3400
ST 22/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - planprogram for Nærøyfjorden næringskai - Gudvangen		2021/2399
ST 23/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Linhella - kraftforautomat for killingar		2021/1568
ST 24/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg		2021/3953
ST 25/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skalmenes - gjenreising av uteløe		2021/1808

ST 17/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 18/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 19/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

**RS 8/21 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - planoppstart
detaljregulering - flaumløp E16 Hylland, Aurland kommune**

**RS 9/21 Rapport - lågflyfning og landing - Nærøyfjorden
landskapsvernområde - utsetting av grinder i vernede områder som
tiltak mot CWD**

ST 20/21 Delegerte saker

**DS 3/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
motorferdsel - snøskuter - Tørva - Øystein Utne**

DS 4/21 Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - motorferdsel - drone



Arkivsaksnr: 2021/3400-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 02.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	21/21	15.03.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Brekkefossen - Hildagroi - traktorløype - Brekke gard

Innstilling frå forvaltar

Brekke gard v/ Siver Wangen får løyve til tilrettelegging av ei enkel traktorløype mellom Brekkefossen og Hildagroi, sør for Brekkefossen for bruk ved uttak av ved og i samband med beite. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3, punkt 1.3 d), og gjeld med følgjande vilkår:

- Rydding og sletting av terrenget skal avgrensast til det som er naudsynt for å komme fram med ein traktor.
- Traktorløypa skal leggast som vist på kartet, slik at den er minst mogleg synleg i terrenget og i god avstand frå turstien til Brekkefossen.
- Det skal ikkje tilførast masse for å jamne ut løypa.
- Det skal berre køyrast på traktorløypa i samband med uttak av ved og rydding av beite. Traktorløypa skal ikkje brukast til persontransport.
- Køyring på løypa for hogst og uttak av ved skal som hovudregel skje på vinterføre.
- Traktorløypa kan nyttast inntil 4 år til rydding av beite, uttak av ved og liknande, deretter skal løypa få gro att naturleg.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Guttorm Brekke, datert 22.02.2021

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Gutterm Brekke søker på vegne av Brekke Gard v/ Siver Wangen om å rydde ein trasè i verneområdet mellom Brekkefossen og Hildagroi, og sidan nytte trasèen til landbruksføremål som vedtak og beiterydding.



Figur 1. Den blå streken viser omtrentleg plassering av traktorløypa

Utklipp frå søknaden:

«Det me ber om er ikkje å laga nokon skogsveg, men berre å rydda vekk nokre steinar, grava opp røter og sletta terrenget slik at me kan koma fram med motorisert reiskap som traktor. Det har vist seg tidlegare at slike minimale inngrep veks fort til att, og er knapt synlege.

Det er fleire gode grunnar til at me ber om at denne søknaden vert positivt handsama.

- 1) Tilkomst for å hogga og henta ut ved i området.
- 2) For å opna opp og forbetra det attvoksne beite.
- 3) For å laga ny sti for husdyra på Brekke.

Då starten av stølsvegen vart omgjort til ei lang trapp for turistar, må dyra førast gjennom fleire grindar for å koma opp eller ned. Me har hatt fleire hendingar der sau og lam går på kvar si side av gjerde og skrik, eller har sett seg fast. Ved å laga ein ny trasè syd for desse trappene, har me von om at me kan trena dyra til å bruka denne nye trasèen. Når det gjeld hogst og uttak av ved seinare år, vil det helst føregå om vinteren.»



Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombord er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombord er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plantearter og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. I følgje § 3, punkt 1.3 d), kan forvalningsstyresmakta gje løyve til «Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebruksammenheng».

I forvalningsplanen er dette nærmere forklart slik: «I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord er det opning for at det etter søknad skal kunne gjevast løyve til å etablere enkle traktorløyper som vert nytta i samband med uttak av ved. Traktorløypene er ikkje definert som veg. Dei skal ikkje vere permanente eller til regelmessig bruk, og ikkje utvikle seg til (traktor-)veg.» «Ei traktorløype er eit tiltak som ikkje krev anleggssarbeid, slik at det kan skiljast frå det som vert definert som klasse landbruksveg (jfr. forskrift om veger for landbruksføremål av 01.10.97.). Traktorløypene skal vidare vere til mellombels bruk. Dvs. et dei skal kunne nyttast ein eller nokre sesongar i samband med uttak av t.d. ved til stølsdrift eller rydding av beitemark. Etter avslutta arbeid skal løypene få gro att. Omfanget av køyring på den einskilde traktorløypa skal fastsettast i løyvet.»

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Å ta vare på kulturlandskapet skapt gjennom aktiv landbruksdrift er eit viktig verneføremål i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Det vil derfor vere positivt med tiltak som gjere det enklare å få rydda beite og ta ut ved. Det er her ikkje søkt om å bygge ein traktorveg, men eit mindre inngrep i form av å slette til terrenget ved å flytte steinar og rydde trestammar og røter slik at det er mogleg å komme fram med ein traktor. Dette passar godt til definisjonen av ei traktorløype i forvalningsplanen, noko forvalningsstyresmakta kan gje løyve til etter verneforskrifta.

Traktorløypa er planlagt i ei lisiide med lauvskog og beiteareal. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området som er sannsynleg at vil ta skade av traktorløypa (naturbase 02.03.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Under tilrettelegging av traktorløypa og ved seinare aktiv bruk vil det kunne bli ein del stygge køyrespor i terrenget. Det er derfor viktig at køyring så langt praktisk mogleg blir lagt til vintersesongen og elles til tørre periodar. Djupe spor og andre godt synlege inngrep i terrenget bør jamnast til/reverserast så godt det let seg gjøre. Ved avslutta bruk er det forventa at inngrepa vil gro igjen i løpet av nokre få år.



Køyring vil også føre med seg ein del støy, og det er viktig at traktorløypa blir lagt slik at den er lite forstyrrende for folk som går på tur på Brekkestien. Dette er ein mykje bruk tursti, som i besøksstrategien er valt ut som ein tursti som skal vere tilrettelagt for større folkemengder. Slik som traktorløypa er teikna inn no er den så langt frå denne stien at dette truleg ikkje vil bli noko problem.

Totalt sett vil traktorløypa vere eit midlertidig inngrep som vil vere relativt lite synleg i landskapet. Så lenge den blir plassert i god avstand til turstien, blir den samla belastninga av tiltaket vurdert til å vere på eit akseptabelt nivå, jf. nml. § 10. Det er så vidt forvaltar kjenner til første gong det blir søkt om ei slik traktorløype etter verneforskrifta, og det er ingen grunn til åtru at eit løyve vil føre til mange nye søknadar.

Det er positivt at arealet blir brukt til landbruksdrift, og ei slik enkel traktorløype blir vurdert å vere ein god måte å legge til rette for utbetring av beitearealet og uttak av ved frå området, jf. nml. § 12. At løypa kan lette grunneigar sin buføring av sau til og frå sauebeite i fjellet, er også ein positiv effekt. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, og med dei vilkåra som blir gitt i løyvet, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig, og at det vil vere positivt for å ta vare på verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2021/2399-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 12.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	22/21	15.03.2021

Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - planprogram for Nærøyfjorden næringskai - Gudvangen

Innstilling frå forvaltar

Vurderinga i saka vert sendt som Nærøyfjorden verneområdestyre sin uttale til planprogrammet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Nærøyfjorden næringskai – framlegg til planprogram, Opus Bergen AS, datert 03.02.2021
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Nærøyfjorden verneområdestyre har motteke framlegg til planprogram for Nærøyfjorden næringskai til uttale. Planprogrammet er lagt fram av Opus Bergen AS på vegne av Gudvangen Stein AS.

I planframlegget er det sett opp fylgjande føremål med ny næringskai:

1. Trygg, i høve til skred og ras (*Tryggare arbeidsplassar og klimatilpassing*)
2. Minst mogleg ulempe for andre partar (*Skjerming av fastbuande og besøkande mot støy og støv, trafikktryggleik*)
3. Legge til rette for kostnadseffektiv logistikk
4. Møglegheit for å ta imot større skip enn i dag (*Ønske om større skip treng ikkje bety vesentleg større kaikonstruksjon enn i dag. Ved å nytte større skip vert det færre turar totalt*)

Planområdet ligg i og omkring Gudvangen sentrum, Ramsøy, Sjøskredviki og indre del av Nærøyfjorden. Planområdet omfattar 4 ulike alternativ for næringskai.




Nærøyfjorden verneområdestyre


- Alternativ 0 – Framleis bruk av eksisterande næringskai i Gudvangen.
- Alternativ 1 – Ny næringskai i Gudvangen like nord for dagens kai, med lagring av anortositt som i dag.
- Alternativ 2 – Ny næringskai i Gudvangen med tilkomst via ny industritunnel, mellomlagring av anortositt i ny fjellhall nær kai.
- Alternativ 3 – Ny næringskai med innseglingskai med fjellhall i Sjøskredviki. Lagring av anortositt i fjellhall nær kai.

I planprosessen skal det avklarast kva alternativ som vert prioritert å arbeide vidare med i reguleringsplanen.

Nærøyfjorden er verna i medhald av naturmangfaldlova som Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Fjordområdet som er tatt med i planområdet er i landskapsvernombordet, og deler av planområdet på vestsida av fjorden. Heile planområdet er innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.

Frist for innspel er 22. mars 2021.





Skisse som viser dei ulike alternativa. Kopi frå framlegg til planprogram.

Vurdering

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er med i planområdet det er lagt fram planprogram for. «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*» jf. verneforskrifta § 2.

I fylgje rettleiarar frå Miljødirektoratet som omhandlar reguleringsplan og verneområde, er det i utgangspunktet ikkje relevant å regulera arealbruken i eit verneområde. Reguleringsplanen kan supplera verneforskrifta med fleire restriksjonar på arealbruken enn det som er i verneforskrifta, men det kan ikkje lagast reglar som opnar for andre aktivitetar eller tiltak enn det verneforskrifta heimlar. Om verneområdet inngår i planen, skal det vera ei påminning om at arealbruken i grensa til verneområdet skal ta omsyn til kvalitetane som vernet skal ivareta. I fylgje plan- og bygningslova kan verneområde setjast av som LNFR-område med underføremål naturvern. I sjø kan området setjast av som Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, med underføremål naturområde.

Det må søkjast om dispensasjon for tiltak som ikkje er direkte heimla i verneforskrifta. Verneområdestyret kan vurdera dispensasjon til «*...etablering av luftesjakter som er naudsynt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.*» jf.



verneforskrifta § 3 punkt 1.3 i). Verneforskrifta har ikkje reglar som opnar for å vurdera ny næringskai. I særskilde høve kan forvaltninga vurdera om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gjera unntak frå vernevedtaket: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*»

I forvalningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, er bergverksdrift i Nærøydalen omtalt under kapittel 5.4 – *Vurdering av tiltak i busettingsområde, bergverksdrift*, område utanfor landskapsvernombordet. I planen er det påpeika at det må vera ein særslig omfattande prosess med utgreiing av miljøkonsekvensar før det kan gjerast nærmere vurderingar av bergverksdrift og utskipingskai. Det er eit førande prinsipp at tiltaket ikkje må koma i konflikt med vern i området eller med mogleg status som verdsarvområde. Inngrep i terrenget som fylgje av bergverksdrift skal vera så små som mogleg, og avgrensast til det som er strengt naudsynt får å få ei best mogleg landskapstilpassing.

Planprogrammet legg opp til god planprosess med konsekvensutgreiingar for mellom anna klima og miljø. Alle alternativa vil påverka verneområdet. Alternativ 1 og 2 påverkar direkte verneområdet og vil vera i strid med verneforskrifta. Alternativ 3 med innsegling i fjellhall ligg utanfor vernegrensa, men tiltaket vil kunne påverka landskapets karakter. Dette alternativet er truleg det alternativet som vil ha minst negativt effekt på verneområdet. For at dette alternativet skal gje positiv effekt for området, må all aktivitet i samband med gruve drifta flyttast frå kaien i Gudvangen til fjellhallen, og området rundt den gamle kaien må ryddast. I konsekvensutgreiinga må det koma fram kva visuell verknad ein innsegling til fjellhall vil få på landskapet i verneområdet og verdsarvområdet. Det må også vurderast konsekvensar for naturmangfaldet i verneområdet i anleggs- og driftsperioden.

Eit anna moment som også bør greia ut i planen, er korleis auka skipstrafikk på fjorden kan påverka området med erosjon av strandlinja og auka belastning for dyrelivet i og ved fjorden.



Arkivsaksnr: 2021/1568-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 27.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/21	15.03.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Linhella - kraftforautomat for killingar

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til enkel tilrettelegging for å kunne plassere ein kraftforautomat på Linhella ved Nærøyfjorden. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan byggast opp ein støttemur i stein, slik at det er mogleg å lage til eit relativt flatt området på 2-3 meter i diameter. Steinmuren skal ikkje vere høgre eller lengre enn det som er nødvendig for å plassere kraftforautomaten på ein slik måte at killingane kjem til.
- Muren skal murast opp for hand, og det skal berre brukast boltar i fjellet dersom det er absolutt nødvendig for å få muren til å ligge.
- Ovanfor kraftforautomaten kan det, viss nødvendig, settast opp ein enkel, låg Sognemur (plankegjerde), maks ein meter høg, for å beskytte automaten mot nedfall av stein.
- Murane skal fjernast og terrenget tilbakeførast til opphavleg stand når det ikkje lenger er behov for kraftforautomaten.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stig Arne Borlaug, motteke 24. januar 2021.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Stig Arne Borlaug har killingar på beite på Linhella, nedanfor Beitelen der Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden møtast, og søker om å få plassere ein kraftforautomat på området. Området langs fjorden er bratt, så for å klare å plassere automaten søker han om å få mure opp og gjere ein enkel planering der automaten skal stå. Han ber også om å få sette opp ein enkel Sognemur på oppsida av automaten. Plasseringa er på eigedomen til Anne Helene Langseth, gardsnr. 51, bruksnr. 32, som har gitt løyve til tiltaket.

Utklipp frå søknad:

«Eg treng å tillrettelegge for å plassere den der pga. helling og utfordrende terreng, så eg søker med dette om å få gjere ein enkel planering på ca 3m i diameter av området der automaten skal stå, og lage ein liten mur på nedsida med boltar i fjell for halde muren på plass. Og lage ein enkel sognemur på oppsida av automaten for å beskytte den mot nedfall av stein.»



Figur 1. Plassering av den planlagde kraftforautomaten.



Figur 2. Bilde frå plassen der kraftforautomaten er tenkt plassert.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltninga kan gje løyve til oppføring av nybygg i samband med landbruk, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). «Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Å ta vare på kulturlandskapet skapt gjennom aktiv landbruksdrift er eit viktig verneformål i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det vil derfor i utgangspunktet vere positivt med tilrettelegging som gjere det enklare å ha dyr på beite i verneområdet. Å sette opp ein midlertidig kraftforautomat er ikkje søknadspliktig. Når plasseringa krev graving og bygging av murar er det derimot eit inngrep i landskapet som er søknadspliktig.

Heile beiteområdet langs fjorden består av bratt rasmork og lauvskog. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området som vil bli negativt påverka av muringa. Litt lenger innover langs Nærøyfjorden er det registrert eit område med rik edellauvskog som er



karakterisert som svært viktig. Dette inngrepet vil ikkje påverke denne naturtypen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdera denne saka, og førevar-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Inngrepet vil vere synleg for folk som ferdast på fjorden nær land, som t.d. kajakkpadlarar. Ein låg steinmur vil derimot ikkje vere eit framandelement i dette landskapet, der det er mange gamle steinmurar i kulturlandskapet langs fjorden. På litt avstand vil sannsynlegvis ikkje muren vise veldig godt mot ein bakgrunn av steinur og spreidd skog. Sognemuren, som er eit slags tregjerde, som Borlaug søker om å sette opp bak kraftforautomaten, vil nok skilje seg litt meir ut i landskapet. Det er viktig at denne blir så liten som mogleg, og at den blir laga av ubehandla tre som etter kvart vil skli godt inn i landskapet. Det bør vurderast på plassen om det verkeleg er nødvendig med ein slik innretning. Det er få liknande byggetiltak i dette området, og den samla belastninga er vurdert som liten, jf. nml. § 10. Å bygge ein støttemur for å lage eit plant område verkar som ein fornuftig måte å få plassert ein kraftforautomat på i dette området, og dette er nok ein av få plassar dette i det heile tatt er mogleg å få til, jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Forvaltar konkluderer med at fordelen for dei som skal drive landbruk og halde ved like kulturlandskapet i dette tilfellet er større enn ulempa i form av det vesle inngrepet dette vil vere i landskapet. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og at det vil vere positivt for å halde oppe landbruksdrifta i området.



Arkivsaksnr: 2021/3953-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	24/21	15.03.2021

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til å byggja ein midlertidig anleggsveg i Stalheimskleiva. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Anleggsvegen skal byggjast på oppsida av innermur nedst i Stalheimskleiva. Vegen kan vera ca. 80 meter lang, og med ei vegfylling på inntil 4 meter breidde.
- Det kan nyttast sprengstein og murstein i vegfyllinga. Det skal ikkje køyrast til jordmassar frå område utanfor Stalheim. For å skjerma terrenget skal det leggast granbar i botn av fyllinga, og det skal leggast fiberduk mot innermur.
- Ved opprydding etter anleggsvegen skal alle spor fjernast, og terrenget skal tilbakeførast til den stand det var før vegen vart bygd.
- Anleggsvegen skal vera rydda og fjerna etter 3 år, og seinast innan 01.10.2023.
- Det skal ikkje ligge att lagra massar og restar frå vegfylling i verneområdet etter at anleggsperioden er ferdig.
- Når arbeidet er ferdig, skal det sendast inn dokumentasjon som viser opprydding etter anleggsvegen.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Dispensasjonssøknad Stalheimskleiva, frå Statens vegevesen datert 05.03.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Statens vegvesen søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde for å bygge ein midlertidig anleggsveg i Stalheimskleiva. Anleggsvegen skal brukast i samband med istandsetting av Minesvingen i Stalheimskleiva. Arbeidet på vegmuren i Minesvingen starta opp i august 2020. Nærøyfjorden verneområdestyre gav dispensasjon til restaureringsarbeidet 03.09.2020. Arbeidet på muren vart ikkje fullført i 2020. Etter planen skal arbeidet starta opp att i vår og fullførast i 2021. I januar i år vart det lagt fram eit nytt geoteknisk notat om eit parti på ein yttermur nedst i Stalheimskleiva. Denne muren har vesentleg deformasjonar og overheng. Skadane er så kritiske at anleggstrafikk til Minesvingen ikkje kan passera dette partiet, og Statens vegvesen har vurdert kva som er beste måten å vidareføre arbeidet på.

I søknaden er det lagt fram følgjande vurderingar av løysingar:

«Det første forslag til løsning var å anlegge en midlertidig støttefylling langs yttermuren, jf. vedlagt tegning. En slik fylling ville medført tilføring av 1000-2000 kubikkmeter sprengstein, samt anleggelse av en anleggsveg. Dette ville vært et stort og skjemmende inngrep i terrenget og forringet opplevelsen av den fredete vegen og landskapet. Derfor foreligger det nå et nytt forslag om å anlegge en midlertidig anleggsveg på innsiden av den fredete vegen for å unngå kjøring på det utsatte partiet. Det bør også nevnes at det er gjort en vurdering av tilkomst til Minesvingen for anleggstrafikken fra oversiden, men det er av flere grunner vanskelig å få til».




Område for fylling ytterside av mur. Kopi frå geoteknisk notat



Nærøyfjorden verneområdestyre



Framlegg anleggsveg, innermur. Kopi frå søknad



Tverrprofil med anleggsveg. Kopi frå søknad



Den midlertidige anleggsvegen vert 80 meter lang med ei vegbreidde på ca. 3,5 meter. Vegen startar frå ein gamal garasje i botn av Kleiva, og vert kopla på vegen att over det kritiske partiet. Her er det ein opning mellom betongrekket og ein fjellknaus, slik at rekksverket ikkje treng fjerne her. Etter hogsten i fjar er det ein del granbar att i terrenget. Dette kan nyttast som underlag. I tillegg skal det leggjast fiberduk mot muren slik at det ikkje kjem finmassar frå fyllinga inn i muren. For å hindre at fyllinga til anleggsvegen skal føre til unødig trykk mot eksisterande mur/veg vil dei brua stor murstein mot innermur. Det vil grovt rekna vera bruk for ca 350 m³ massar med sprengstein til fyllinga. Det vil ikkje vera bruk for terrenginngrep som å skyte fjell for å bygge anleggsvegen, men noko jordmassar må fjernast ved øvre påkopling til Kleiva.

Det er ikkje konkludert med om det kritiske partiet på denne muren må setjast i stand viss det ikkje skal vera biltrafikk i Kleiva i framtida. Dersom dette vert aktuelt kan anleggsvegen fungera som ei arbeidsplattform ved istandsetting av muren. Statens vegvesen sokjer om å få ha anleggsvegen i inntil 3 år.

Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenartat natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...oppføring av anlegg og faste innretningar, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a).

Tiltaket med midlertidig anleggsveg må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stalheimskleiva ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Vegen er eit kulturminne av stor verdi, og det er viktig å at vegen og murane vert vedlikehalde. Skadane på muren er så store at det er fare for at muren kan rase ut. Det vil føra til skade på kulturminnet Stalheimskleiva, og vil vera eit stort tryggleiksproblem for ferdsel på vegen og i området. Istandsetting av vegmuren er vurdert til å vera viktig for å ta vare på kulturminnet som er ein del av verneføremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Tiltaket med å laga ein midlertidig tilkomstveg i nedkant av muren, og bruk av beltemaskin på vegen, vil vera eit lite midlertidig tiltak.



Det er god kunnskap om Stalheimskleiva som kulturminne. Vegen vart freda i 2009 etter kulturminnelova § 22 a. Den ca. 2 km lange Stalheimskleiva vart bygd i perioden 1842-49. Det er utført registreringar av dei tidlegare vegane i Stalheimskleiva, både kongevegen frå 1700-talet, og ein eldre ferdsselsveg frå rundt 1600-talet. Restar etter kongevegen frå 1700-talet er registrert nær den aktuelle anleggsvegen, men den har truleg lagt høgare i terrenget enn der anleggsvegen er planlagt.

Det er ikkje tidlegare registrert førekomstar av sårbare artar og naturtypar i tiltaksområdet (Naturbase 08.03.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastinga tiltaket kan få på økosystemet jf. nml. § 10. Det er vurdert fleire alternative løysingar for å kunne fullföra arbeidet i Minesvingen utan å først setja i stand vegmuren nedst i Kleiva. For opplevinga av Stalheimskleiva er det viktig å få ferdigstilt arbeidet som er starta opp i Minesvingen, og då er det avgjerande å kunne køyra med maskiner på vegen til og frå Minesvingen i anleggsperioden. Ein midlertidig anleggsveg på utsida av innermuren vil krevje mindre tilkøyring av masser enn ei fylling på utsida av yttermur. Anleggsvegen vil i tillegg vera mindre synleg, og med det få mindre verknad på landskapet. Tiltaket vil vera eit midlertidig tiltak som er reversibelt, og det vil gje liten verknad på landskapet etter vegen er fjerna. Forvaltar vurderer at tiltaket vil gje liten negativ belastning på naturmiljøet og landskapet i Stalheimskleiva. Det vil tvert i mot vera positivt for verneverdiane at kulturminnet Stalheimskleiva vert tatt vare på. På den bakgrunn er den samla belastninga på naturverdiane av midlertidig anleggsveg vurdert som akseptabel.

Det vil ikkje vera naudsynt med inngrep som sprenging av fjell for å bygge anleggsvegen. Det er berre ved øvste delen av anleggsvegen det må fjernast jordmassar for å kople anleggsvegen på Kleiva. Etter anleggsperioden er over skal anleggsvegen fjernast og området tilbakeførast. I samband med opprydding etter anleggsvegen kan området langs muren ryddast slik at vegmuren kan framstå i endå betre stand enn den er i dag. Forvaltar vurderer metoden som er valt for gjennomføring av tiltaket som miljøforsvarleg jf. nml. § 12.

Dersom den skada muren nedst i Kleiva skal setjast i stand, vil det vera ei god løysing å nyta anleggsvegen som arbeidsplattform for dette arbeidet. Det vil kunne hindre ytterlegare inngrep i omkringliggjande terrenget. Det må søkjast om nytt løyve dersom dette arbeidet ikkje kan gjennomførast innan den planlagde tida på 3 år.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det er grunnlag for å gje dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ til midlertidig anleggsveg i Stalheimskleiva. Med dei vilkåra som er sett, vil tiltaket ikkje vera i strid med verneføremålet, eller føra til nemneverdig skade på verneverdiane.



Arkivsaksnr: 2021/1808-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	25/21	15.03.2021

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skalmenes - gjenreising av uteløe

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Henning Hov løyve til å bygge opp att uteløa på Skalmenes, gnr. 58, bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Uteløa skal byggast som den gamle uteløa. Det skal nyttast same type bygningsmateriale og same byggemetode som den gamle uteløa. Løa skal setjast opp att etter tradisjonell byggemetode i dette området.
- Før arbeidet vert sett i gang skal tiltakshavar ta kontakt med kvalifisert handverkar slik at det vert gjort ein grundig dokumentasjon av utløa og for ein vurdering av vidare framgangsmåte i restaureringsprosjektet.
- Utvendige mål på grunnflata til uteløa skal vera ca. 4,2 meter breidde og ca. 7,1 meter lengde.
- Grunnmurane i uteløa skal restaurerast, og materiale og takplater frå det gamle bygget skal nyttast opp att så langt det er mogleg.
- Uteløa skal nyttast som ei uteløe. Eventuell anna bruk av bygget skal ikkje føra til endring av ytre fasade på bygget.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Det skal sendast rapport med bilde frå ferdig bygg. Verneområdestyret skal vera med på sluttsynfaring på bygget før det vert ferdiggodkjent.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved kulturarvdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



Saksopplysningars

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bjørn Henning Hov om oppattbygging av høyløe på Skalmenes, datert 27.01.2021
- Uttale til sak om oppattbygging av uteløe på Skalmenes, Vestland fylkeskommune, 08.03.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Bjørn Henning Hov og Mikael Hov er grunneigarar på gnr. 58, bnr. 1 i Aurland kommune. Hov søker om løyve til å byggje opp att løa på Skalmenes. Arkitekt Bjørn Tandberg i Tandberg Arkitektar AS har utarbeid skisse/konstruksjonsteikning av løa. Hov ynskjer å setja i stand løa for å ta vare på denne type høyløe i utmarka. Det er lite att av denne type bygningar i landet, også i Aurland kommune. Hov har bilde av løa slik den var, og Hov vil bygge den opp att lik den gamle løa. Det som er att av løa i dag er grunnmur og takkonstruksjon med takplater. Alt materiale som er i brukbar stand vil verta brukt opp att i bygget.



Uteløa på Skalmens i Nærøyfjorden. Kopi av bilde frå rapport vedlagt søknad.



Taket til løa på Skalmenes. Kopi av bilde frå rapport vedlagt søknad.

I søknaden vert det opplyst at løa skal brukast til lager for slåtteutstyr med meir. Det kan og vera aktuelt å bruke bygget i samband med etablert kajakkturisme på Skalmenes.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering


Kulturlandskap med gardsbruk og kulturminne er ein viktig del av verneføremåla i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområdet. På Styvi er det aktiv landbruksdrift med beite for sau. Det vert gjennomført skjøtsel med slått og beitepuassar for å ta vare på det særeigne kulturlandskapet. Dei fleste bygningane på Styvi er restaurert, og framstår som eit heilskaplege bygningsmiljø. Skalmenes er innmarksbeite og slåttemark til gardane på Styvi, og ligg nord for gardsbruket. Restane av uteløa på Skalmenes ligg framleis på grunnmurane, og det vil vera av stor verdi



Nærøyfjorden verneområdestyre

å få sett opp att uteløa slik den har stått. Dette vil gje ein heilskap i kulturlandskapet og bygningsmiljøet på og rundt Styvi, og vil vera viktig dokumentasjon på korleis ressursane vart nytta i tidlegare tiders drift og busetnad i dette området. Forvaltar meiner tiltaket kan vurderast som oppføring av bygg i samband med landbruk.

Slåttemarkene med bygningsmiljøet er med å gje ein auka opplevingsverdi for dei mange som besøkjer området. Nærøyfjordområdet har høgt besøkstal gjennom båttrafikk på fjorden, fotturistar på postvegen mellom Styvi og Bleiklindi, og kajakkpadelarar. Deler av innmarka på Skalmenes vert nytta som teltplass og rastepllass for kajakkpadelarar.



Styvi med Skalmenes. Kartkopi frå Fylkesatlas

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan for Nærøyfjorden og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Det er ikkje kjente registreringar av trua artar og naturtypar i området (Naturbase 04.03.2021). I forvaltningsplanen er Styvi trekt fram som eit område med verdifullt kulturlandskap og bygningsmiljø. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Forvaltinga skal vurdera kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Gamle murar kan i mange tilfelle ha verdi som kulturminne utan at det vert bygd opp att bygningar på murane. I verneforskrifta er det opning for å bygge nye bygg i samband med landbruksdrift. På Styvi, der det framleis er landbruksdrift, og det er bruk for uteløa i tilknyting til slått og beite, vil oppføring av uteløa ha stor verdi både for gardsdrifta og bygningsmiljøet på denne fjordgarden.

Fylkeskommunen skriv i sin uttale:



«Vestland fylkeskommune ser det som svært positivt at grunneigar ønskjer å bygge opp att utløa. Utløa er saman med steingardar og slåttemark er ein viktig del av kulturlandskapet på Skalmenes. Området framstår som velstelt og godt vedlikehalde, og ein gjenoppføring av løa er positivt for vidare skjøtsel av kulturlandskapet. Gjenoppbygginga av utløa tilhøyrande bruket på Styvi vil gje ei forståing av eit heilskapleg kulturmiljø som både omfattar hus i tunet og ute i landskapet..

Vestland fylkeskommune rår til at ein tek kontakt med kvalifisert handverkar slik at det vert gjort ein grundig dokumentasjon av utløa og for ein vurdering av vidare framgangsmåte i prosjektet. Då det er eit lite representativt utval av denne bygnadstypen i verdsarvområdet kan prosjektet bidra til å spreie kunnskap om desse bygga. Løa kan slik sett ikkje berre sjåast som del av eit heilskapleg kulturmiljø men òg som ein del av ein immateriell arv knytt til bruk av ressursar og lokale handverkstradisjonar i verdsarvområdet.

Ei slik tilnærming til prosjektet kan gje grunnlag for å søke statlege midlar til kulturminne på verdsarvlista- tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79».

Forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaket som akseptabel. Tiltaket vil samla sett vera eit positivt tiltak for å ta vare på ein viktig bygningstype i eit fjordlandskap der uteløene var ein viktig del av bygningsmiljøet.

Uteløa skal setjast opp att på dei gamle murane, og alt av materiale som er brukande skal brukast opp att i bygget. Det meste av takkonstruksjonen med åsar, bæringar og takplater kan brukast i bygget. Utvendig mål vil verta avgrensa av storleiken på grunnmuren til uteløa. Grunneigarane har tilgang på fagkompetanse på denne type bygg, og har sjølve praktisk kunnskap med bygningane. I tillegg finst foto-dokumentasjon av bygget. Grunneigarane samarbeider med stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark om restaureringsplan for Styvi, og Skalmenes er ein del av denne planen. Fylkeskommunen rår til at det i tillegg til skissene som er laga for bygget, vert tatt kontakt med kvalifisert handverkar for å få gjennomført oppattbygging i tråd med bygeskikken på staden. Med dei vilkåra som er lagt inn i løyvet, vurderer forvaltar tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12.

Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta, og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til å bygge opp att utløa på Skalmenes.